



Os kommune  
Postboks 108  
5202 OS

Dato: 06.03.2015  
Vår ref.: 2014/17501-30  
Dykkar ref.:

## Vedr. prisjustering for sekretariatstenester

### Viser til kontrollutvalsmøte 20.02.15., sak RS 4/15

- «Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet – Prisjustering». Ved handsaming vart det opplyst om at HFK ville koma attende til saka.

### Prisprinsipp om å få dekkja reelle kostnader.

Sekretariatet har hatt størst fokus på avtale gjeldande frå 01.01.2008, pkt. 4 pris, første avsnitt, der det bl.a. står at «Timeprisen er berekna slik at den **skal dekke dei kostnader som sekretariatet har med å levere tenester til kommunen**».

### Prisprinsipp om konsumprisregulering.

Samstunder er det i neste avsnitt i avtalen lagt opp til regulering ift. Statistisk Sentralbyrå sin indeks for «Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor»

### Ubalanse mellom to prisprinsipp.

- Ubalanse oppstår når konsumprisauke over tid, ikkje er tilstrekkeleg for å dekkja dei reelle kostnadene.
- Reelle kostnader vart dekkja ved inngåing av avtale, men det er etterkvart ein del år sidan.
- Det var tenkt at reelle kostnader også skulle verta dekkja dei komande åra, med bruk av konsumprisregulering, jmf. pkt. 4, andre avsnitt.
- Ny berekning pr. 01.01.15., syner at så ikkje er tilfelle.
- Derfor vart det bede om prisauke, slik at kostnadene framleis er dekkja, utan at det finn stad noko kryss-subsidiering. Det var derimot ikkje snakk om noko særleg stor regulering.
- Me ser ikkje bort frå at det burde vore ført forhandlingar, før ny pris vart gjort gjeldande.

### Vegen vidare.

- Os kommune har sagt opp kontrakten med HFK, med verknad fom. 01.01.16.
- Sidan me er på slutten av ein avtaleperiode, vel HFK å kun gjera konsumprisauke jmf. avtalen gjeldande for heile 2015.
- HFK kan tilby ein kontrakt med oppdatering om pris og reguleringsklausul pr. 01.01.16., dersom Os kommune ønskjer å fortsetta sekretariatssamarbeidet med HFK.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*